

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	148/14	20.11.2014
Kommunestyret	102/14	11.12.2014

N - Høring - forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikt**Vedlegg:**

- 1 Høringsuttala vedkomande priskontroll
- 2 Høringsnotatet frå Landbruks- og matdepartementet

Fakta i saka:

Landbruks- og matdepartementet foreslår å oppheve konsesjonslova og enkelte reglar i odelslova om buplikt. Forslaget medfører at alle kan erverve fast eigedom utan tillating (konsesjon) frå det offentlege. Forslaget medfører vidare at det ikkje vil vere buplikt ved erverv av landbrukseigedom, og at det heller ikkje kan fastsettest forskrift om nedsett konsesjongrense i kommunane. Forslaget styrkar den private eigedomsretten og gjer det lettare å omsette eigedom.

Vurdering:

Forslaget om å oppheve konsesjonslova og buplikta er politisk motivert ut frå målet om å styrke eigedomsretten og gjere det lettare å omsette eigedomar mellom private.

Formålet med konsesjonslova er å regulere og kontrollere omsettinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet ma for å tilgodesjå:

1. framtidige generasjonars behov,
2. landbruksnæringa,
3. behovet for utbyggingsgrunn,
4. omsynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser,
5. omsynet til busettinga.

Er reglane i konsesjonslova, som er utvikla over lang tid, så utdaterte, unødvendige eller feilslåtte at det ikkje vil ha vesentlege negative verknader å oppheve dei? Eller er det så viktig for samfunnet å styrke den private eigedomsretten at det meir enn oppveg eventuelle negative verknader?

Vi har gitt uttale til forslaget om å oppheve regelen om priskontroll i konsesjonslova (vedlagt), og vi har ei rekke motsegner mot det. Vi trur at å oppheve heile konsesjonslova med reglane om buplikt vil forsterke dei negative konsekvensane som vi har peika på, og at dette ikkje vil gagne samfunnet, dei som har yrket sitt i landbruket og matproduksjon og busetting basert på våre eigne ressursar i heile landet.

Som forvaltar av konsesjonslova merkar kommunen spesielt eit sterkt prispress på landbrukseigedomar og på reglane om buplikt både på landbrukseigedomar og på bustadeigedomar. Vi opplever at det er viktig å motverke dette og at det er konsesjonslova som gir oss reelle verkemiddel. Det er arbeidskrevjande og tunge oppgåver, men vi meiner at det har stor verdi for busettinga, arealforvalting og landbruksdrift i kommunen vår.

Rådmannen si tilråding:

Kommunen opplever eit strekt prispress på landbrukseigedomar og på reglane om buplikt på landbrukseigedomar og på bustadeigedomar. Vi meiner at det er viktig for å oppretthalde busettinga og landbruksdrifta i kommunen å motverke dette, og at det er konsesjonslova som gir oss reelle verkemiddel. Reglane i jordlova og plan- og bygningslova er ikkje tilstrekkeleg. Vi meiner at det er betre å justere reglane i konsesjonslova enn å avvikle den.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.11.2014

Redaksjonell endring: Nissedal kommune opplever....

Endringsforslag frå FrP:

Konsesjonslova bør avviklast.

Votering: Fire røyster for rådmannen si tilråding med redaksjonell endring. Ei røyst for endringsforslaget.

Innstilling til kommunestyret

Nissedal kommunen opplever eit strekt prispress på landbrukseigedomar og på reglane om buplikt på landbrukseigedomar og på bustadeigedomar. Vi meiner at det er viktig for å oppretthalde busettinga og landbruksdrifta i kommunen å motverke dette, og at det er konsesjonslova som gir oss reelle verkemiddel. Reglane i jordlova og plan- og bygningslova er ikkje tilstrekkeleg. Vi meiner at det er betre å justere reglane i konsesjonslova enn å avvikle den.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2014

Frp. v/Frank Lien fremma endringsframlegg likelydande sitt framlegg under formannskapet si handsaming av saka:

Konsesjonslova bør avviklast.

Votering:

Formannskapet si tilråding fekk 13 røyster (Krf. SP, AP), Frp 4 røyster (H, Frp.)

Vedtak

Nissedal kommunen opplever eit strekt prispress på landbrukseigedomar og på reglane om buplikt på landbrukseigedomar og på bustadeigedomar. Vi meiner at det er viktig for å oppretthalde busettinga og landbruksdrifta i kommunen å motverke dette, og at det er konsesjonslova som gir oss reelle verkemiddel. Reglane i jordlova og plan- og bygningslova er ikkje tilstrekkeleg. Vi meiner at det er betre å justere reglane i konsesjonslova enn å avvikle den.



Nissedal kommune
Rådmann

Landbruk- og matdepartementet

Melding om vedtak

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2014/27-16	Sverre Sæter, 35048402 sverre.seter@nissedal.kommune.no	V00	16.01.2015

Høyringsvar Nissedal kommune - forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikt

Her følger særutskrift av kommunestyret si sak nr. 102/14.

Med helsing

Sverre Sæter
Rådmann

Vedlegg:

1 Høyringsvar Nissedal kommune - forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikt